



Arkivnr: 2014/10536-4
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring - Forslag til prosjektplan

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 38/13 i møte 18.12.14:

1. *Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan "Prosjektstyring».*
2. *Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.*
3. *Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 20.1.2014.*
4. *Prosjektplanen skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet.*

Drøfting:

Med utgangspunkt i det som går fram over har Deloitte levert forslag til prosjektplan for "Forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring". Prosjektplanen følgjer som vedlegg.

Av prosjektplanen går det fram at føremålet med revisjonen er:

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om fylkeskommunen har eit tilfredsstillande og fungerande prosjektstyringssystem, og om det er etablert gode rutinar for å lære av erfaringar frå gjennomførte prosjekt. Fokuset vil vere på byggeprosjekt som fylkeskommunen har gjennomført.

Med bakgrunn i føremålet vil følgjande problemstillingar bli undersøkt:

1. **Har fylkeskommunen eit tilfredsstillande prosjektstyringssystem? Under dette:**
 - a. *Har fylkeskommunen tilfredsstillande rutinar for initiering, prioritering og planlegging av investeringsprosjekt?*
 - b. *Har fylkeskommunen tilfredsstillande rutinar for gjennomføring av prosjekt, og blir desse følgt?*
 - c. *Er det etablert tenleg rutinar for kvalitetssikring av prosjektplanlegging og gjennomføring?*
 - d. *Er det etablert tilstrekkelege rutinar for risikoanalysar av prosjekt?*
 - e. *Er det etablerte tilstrekkelege rutinar for rapportering (t.d. for framdriftsplan, budsjett, avvik, endringar) og vert rapporteringsrutinar etterlevd?*
 - f. *Har fylkeskommunen tilstrekkeleg avvikshandteringssystem knytt til prosjektstyringa?*

2. **Blir prosjekt organisert med klare rolle- og ansvarsforhold? Under dette:**
 - a. Har fylkeskommunen tilstrekkelege rutinar for prosjektorganisering (når det gjeld ansvar, roller og mynde) og blir dei følgde?
 - b. Har fylkeskommunen tilstrekkeleg kompetanse og ressursar til å gjennomføre tilfredsstillande prosjektstyring?
 - c. Blir det gitt tilstrekkeleg opplæring i prosjektstyring til dei som har ansvar for å gjennomføre prosjekt for fylkeskommunen?

3. **Har fylkeskommunen tilfredsstillande system for avslutning av prosjekt?**
 - o Er det etablert tilfredsstillande rutinar for evaluering og erfaringsoverføring/kunnskapsdeling frå gjennomførte prosjekt?
 - o Har fylkeskommunen retningslinjer for administrativ og/eller politisk godkjenning av endelig prosjektregnskap?

Deloitte har føreslått slike avgrensingar

«Forvaltningsrevisjonen vil undersøke prosjektstyring av investeringar i utvalde byggeprosjekt.»

I dette revisjonsprosjektet vil Deloitte m.a. nytta dokumentanalyse, intervju, case-studie og verifiseringsprosessar som metode. Revisjonen ønskjer å gjennomføre intervju med om lag 5 utvalde personar som arbeider med prosjektstyring i fylkeskommunen, mellom anna frå organisasjonsavdelinga og økonomiavdelinga, samt fagavdelingar som arbeider med konkrete investeringsprosjekt.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslåtte prosjektplanen meiner sekretariatet at det kan forsvarast å bruke det timetal som er føreslått.

Konklusjon:

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar som ligg i gjeldande plan for forvaltningsrevisjon. Føremål og problemstillingar synest også å vera i tråd med denne. Når det gjeld timetalet vil sekretariatet tilrå at det vert godkjend slik det ligg føre, inkludert opsjon på presentasjon av revisjonsrapport for fylkestinget.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 01.03.2014. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i den justerte prosjektplanen, inkludert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i fylkestinget.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av juni 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrågjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg: Forslag til prosjektplan «Forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring» frå Deloitte